Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr. 6.

Herad: Øksendal.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: Anders E. Skrondal

Gard: Skrondal

(adresse): Øksendal

G.nr. 9. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lurar samanrulla av bork kjenner eg ikkje til. men eg har høyrt nemninga „olderlur". „Sylvskapande halmstrå" er ukjendt for meg.

2. Ukjende nemningar.

3. Ranglor er lite kjende. Eg har sett nøstnabbar (nabbe til å nøsta garn på) med rangle i enden. Denne rangla var laga på den måten at enden av nabben var utkola med tunne trespungar i utkanten - og innis dett „huset" var smutta ei trekule:



4. Ja. eg kjenner fleire måtar å laga knall- (smell) på.

a: Ein legg eit stort lauvblad over peikefinger og tommelfinger på vinstre handa. Fingrane er lagt saman i tuppane - slik at dei lagar ei rund opning. Så krummar ein litt høgre handa med fingrane tett saman og slær kvast til over bladet som då rivnar med eit smell.

b. Ein kan laga smell av blåklokkeblomen med å slå han kvast mot den andre handa. Like eins med andre klokkeblomar

7102

c. Papirposar vart fyllt med luft og så klemt saman i opninga med fingrane - og så slege kvasst mot handa eller bordplata.

d. Det var før vanleg „å skyta inn jula". Enten ved å gjera dette med ei leyrse - eller og ved å brenna på eit minnskot som var billaga i førevegen. Nokor trur i samband med denne „seremonien" har eg ikkje høyrt om; men det kan difor vera bruka i viss meining.

e. Ved brudlaup var det vanleg å skyta „æresskot." Sålis kan eg minna, at det ved eit brudlaup på Sætter (vi seier Setro til vanleg) så vart det løyst eit æresskot for brurfolket då dei kom ut or kyrkja etter vigsla. Brurfolket reid den gongen, og hesten som brura sat på var skotradd og tok ut - brura datt av - og braut foten sin og vart liggjande til-lengs fleire år. Men ho kom seg til att, og fekk fleire fleire born.

5. Slike uteydor eller lydar kjenner ikkje til.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING